

SEPARATUTSTILLING PÅ VESTLANDET 2018? SØK NO FOR VU18

- Vestlandsutstillingen er no open for søknadar for 2018-utgåva. Søknadsfrist er 1. november 2016.
- Dette er ei annleis utgåve der me i staden for den tradisjonelle gruppeutstillinga vil framheve eit mindre utval kunstnarskap og gje meir rom til desse.
- Seks ulike separatutstillingar vil utgjere ein samla heilskap for VU18, med ein felles publikasjon som vil følgje heile utstillingsløpet.
- Gjennom 2018 vil me presentere desse seks tidsoverlappande separatutstillingane ved VU sine samarbeidsinstitusjonar Kabuso, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Haugesund Billedgalleri, KUBE, Entrée og Kunsthall Stavanger.
- Kvar utstilling presenterer arbeid frå ein enkeltkunstnar som har høve til å jobbe tett opp mot ein av visningsstadene og slik kunne tilpasse sitt prosjekt dei fysiske rammene for utstillinga.
- Me ønskjer å ha kunstnar på introduksjonsmøte og planleggingstur i forkant, samt tilstade ved montering og for kunstnarsamtale under opningshelga.
- Gjennom å fokusere på eit utval enkeltkunstnarar, som samla utgjere ei breidde i det som skjer på den Vestlandske kunstscena, og la desse utfalde seg i større format, vil me kunne tilrettelegge for nyproduksjon og stadsspesifikke prosjekt som vert utvikla direkte opp mot ein av dei seks visningsarenaene.
- Kriterium for søknad er at du har tilknytning til Vestlandet, noko du gjer greie for på søknadsskjema. Det kan også argumenterast for eit stadsspesifikt prosjekt opp mot ein av (visnings-)stadene og ei framtidig tilknytning.
- Med bakgrunn i det innsendte materialet vil kurator Randi Grov Berger invitere utvalet av kunstnarar (svar innan 1. desember) som blir tilbodne ei separatutstilling ved ein av visningsstadene i 2018. Kunstnarhonorar er på kroner 10.000,-, VU dekker reise- og opphaldsutgifter inntil 4000,- og står for returtransport av utstillinga. Me vil oppmode utstillande kunstnarar til sjølv å søkje støtte til produksjon av nye arbeid til separatutstillinga.

Open innsending!

Frist for innlevering av din digitale søknad er torsdag 1. november ved midnatt. Send e-post med din søknad til kontakt@vestlandsutstillingen.no

Styret for Vestlandsutstillingen bed om å få skriftleg materiale tilsendt i PDF-format og biletmateriale via fildelingstenesta www.wetransfer.com.

Me bed om at du sparer filer du sender oss i format som er redusert til- og tilpassa skjermvisning.

Videoarbeid kan også leverast som nettlenkjer til Vimeo eller liknande.

Svar på søknad kjem innan 1. desember 2016. Deretter vil de utvalgte kunstnere ha ei tidsramme på i overkant av eitt år fram mot utstillingen i dialog med kurator.

Søknaden skal innehalde:

1. Ferdig utfylt søknadsskjema med rangert liste over ønska utstillingsstad.
2. Portefølje med tidlegare arbeid (bilete + kort beskrivande tekst av minimum 4 tidlegare prosjekt)
3. Biografi (kort om deg) og fullstendig CV (med tidlegare og komande utstillingar)
4. Ei idéskisse (eksempelvis om utgangspunkt for den prosess du skal inn i, om tematikk, og ei førestelling om utkome av komande separatutstilling for VU 18)

Merk søknaden med: Søknad VU18 og ditt navn.

Har du spørsmål, kan du vende deg til Vestlandsutstillingen sin utstillingsleiar Anneli Belsvik Aras på e-post kontakt@vestlandsutstillingen.no eller telefon +47 934 94 145 (torsdagar kl. 09-16).

Om Vestlandsutstillingen:

VU vart etablert i 1922 og vert arrangert årleg. Dette er ein tradisjonell landsdelsutstilling som alltid har vore ein viktig visningsarena for regionen sine kunstnarar, både nyutdanna og dei meir etablerte, og som har brakt samtidskunsten ut til eit større publikum. Frå starten av var det ein jury bestående av representantar frå dei ulike biletkunstnarorganisasjonen som valde ut kunstnarar til gruppeutstillinga, men sidan 1999 har utstillinga hatt ein, i nokre tilfelle fleire, kunstnarlege leiarar eller kurator, som er vald av Vestlandsutstillingen sitt styre.

Om kurator:

Randi Grov Berger (f. 1982, Stord) har si utdanning frå Kunst- og designhøgskolen i Bergen, Kunsthøgskolen Valand i Gøteborg og Konstfack i Stockholm. Ho driv utstillingstaden Entrée i Bergen (etab. 2009) der ho har kuratert og produsert gruppe- og separatutstillingar, samt gjennomført fleire samarbeidsprosjekt med institusjonar i inn- og utland.